

Eksamen

25.05.2021

DEL2001 Data- og elektronikkssystem / Data- og elektronikkssystemer

Programområde: Data og elektronikk

LK06

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Når du løyser oppgåva må du beskrive dei vala du gjer og gje ei grunngjeving.</p> <p>Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Presentere og bruke fagstoff.• Grunngje synspunkta dine og gje forslag til løysing på oppgåva.• Trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillinga i oppgåva.• Gjere greie for resultatet/ konsekvensane av dei faglege vala dine.• Meistre relevante grunnleggjande ferdigheiter.• Bruke eksempel der det er relevant.• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein måte som er formålstenleg og kan etterprøvast.

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke till!

Case:

Du har fått kveldsarbeid i Data og Nettverkshjelpen AS. Arbeidsoppgåva er å driva telefonsupport til kundar i firmaet. Desse er alt frå privatpersonar, små bedrifter, butikkar til bufellesskap og sjukeheim. Felles for alle desse er at dei har eit dataproblem som må løysast straks, ikkje dagen etter.

Som du vil sjå manglar det ein del opplysningar i oppgåvene under. Du må difor ha egne forventingar og laga dine egne føresetnader. Det er veldig viktig at desse kjem klart fram i oppgåveløysinga di.



Oppgåve 1

- a) Den fyrste telefonen om kvelden er frå ei bekymra mor. Ho har nettopp oppdaga at barna hennar besøker sider på nettet dei absolutt ikkje burde besøkt. Forklar henne steg for steg kva ho kan gjere for å unngå dette.
- b) Neste mann med eit problem arbeider som designar i eit reklamebyrå. Han har nettopp sett inn eit nytt nettverkskort i arbeidsstasjonen sin. No kjem han seg ikkje på nett. Forklar steg for steg kva han må sjekke og kva han må gjere.
- c) Så ringjer ein hissig fotballsupportar. Midt under streaminga av ein viktig meisterligakamp frys bileta. Dette er svært frustrerande, for kampen er veldig spennande. Forklar korleis han må gå fram.
- d) I det du legg på røyret med fotballsupportaren ringjer det igjen. Denne gongen viser det seg å vera ein førtidspensjonert norsklærer i andre enden. Ho har kjøpt ein ny avansert printer og har lese brukarretteiinga frå perm til perm fleire gonger utan hell. Skrivaren vil ikkje samarbeida. Ho treng rett og slett forklaring på nokre omgrep før ho kjem vidare.

Til dømes: Kva er UPnP? Og skal det vera av eller på?

Bør ho bruke DHCP eller ikkje, og kva brukar ein denne funksjonen til? Skrivaren skal ha eige nettverksnamn. Må ho bruka DNS eller ikkje? Du må forklara.

- e) Neste telefon er frå ein fortvila tenåring. Ho er normalt student i Oslo, og no har ho kome heim for å konsentrera seg om eksamenslesing. Foreldra er borte, og når ho skulle logga seg på wifien til familien hugsa ho ikkje passordet til den trådlause rutereren. Kva skal ho gjere no?
- f) Siste innringjar denne kvelden er ein mann som ønskjer å gjere det meste sjølv. Han er i ferd med å innreie eit rom på loftet som skal nyttast til heimekontor. Kontoret skal ha to datauttak som skal knytast saman med det han sjølv kallar «internettboksen» i kjellaren. Han er nettopp ferdig med å trekkje den fyrste kabelen frå kjellaren og opp til det fyrste uttaket. Det var her det stoppa opp. Fyrste spørsmål er korleis skal denne kontakten koplast? Er det nok med avbiter og skrutrekkjar? Treng han eigen kabel til kvart av uttaka? Kva med «internettboksen» og korleis skal denne koplast? Treng han moglegvis fleire komponentar? Kva er fornuftig?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Når du løser oppgaven må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse.</p> <p>Din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Presentere og bruke fagstoff.• Begrunne dine synspunkter og komme med forslag til løsning på oppgaven.• Trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger.• Gjøre rede for resultatet/ konsekvensene av dine faglige valg.• Mestres relevante grunnleggende ferdigheter.• Bruke eksempler der det er relevant.• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte.

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke till!

Case:

Du har fått en kveldsjobb i Data og Nettverkshjelpen AS. Arbeidsoppgaven er å drive telefonsupport til firmaets kunder. Disse er alt i fra privatpersoner, små bedrifter, butikker, til bofellesskap og sykehjem. Felles for alle disse er at de har et dataproblem som må løses straks, ikke dagen etter.

Som du vil se mangler det en del opplysninger i oppgavene under. Du må derfor gjøre dine egne antagelser og lage dine egne forutsetninger. Det er veldig viktig at disse kommer klart fram i besvarelsen din.



Oppgave 1


- a) Kveldens første telefon er fra en bekymret mor. Hun har nettopp oppdaget at barna hennes besøker sider på nettet de absolutt ikke burde besøkt. Forklar henne steg for steg hva hun kan gjøre for å unngå dette.
- b) Neste mann med et problem arbeider som designer i et reklamebyrå. Han har nettopp satt inn et nytt nettverkskort i arbeidsstasjonen sin. Nå kommer han seg ikke på nett. Forklar steg for steg hva han må sjekke og hva han må gjøre.
- c) Så ringer en hissig fotballsupporter. Midt under streamingen av en viktig mesterligakamp fryser bildene. Dette er svært frustrerende, for kampen er veldig spennende. Forklar hvordan han må gå frem.
- d) I det du legger på røret med fotballsupporteren ringer det igjen. Denne gangen viser det seg å være en førtidspensjonert norsklærer i andre enden. Hun har kjøpt en ny avansert printer og har lest bruksanvisningen fra perm til perm flere ganger uten hell. Skriveren vil ikke samarbeide. Hun trenger rett og slett forklaring på noen begreper før hun kommer videre.

For eksempel: Hva er UPnP? Og skal det være av eller på?

Bør hun bruke DHCP eller ikke, og hva brukes denne funksjonen til? Skriveren skal ha eget nettverksnavn. Må hun bruke DNS eller ikke? Du må forklare.

- e) Neste telefon er fra en fortvilet tenåring. Hun er normalt student i Oslo, og nå er hun kommet hjem for å konsentrere seg om eksamenslesing. Foreldrene er borte, og når hun skulle logge seg på familiens wifi husket hun ikke passordet til den trådløse ruterer. Hva skal hun gjøre nå?

- f) Kveldens siste innringer er en mann som ønsker å gjøre det meste selv. Han er i ferd med å innrede er rom på loftet som skal brukes til hjemmekontor. Kontoret skal ha to datauttak som skal knyttes sammen med det han selv kaller «internettboksen» i kjelleren. Han er nettopp ferdig med å trekke den første kabelen fra kjelleren og opp til det første uttaket. Det var her det stoppet opp. Første spørsmål er hvordan skal denne kontakten kobles? Er det nok med avbiter og skrutrekker? Trenger han egen kabel til hvert av uttakene? Hva med «internettboksen» og hvordan skal denne kobles? Trenger han muligens flere komponenter? Hva er fornuftig?



www.vigoiks.no/eksamen